

Trond Einar Sørensen
Hjertåsmarka 44
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/590 - 23/5075

Saksbehandlar:
Stein Kåre Løvslett
stein.kare.lovslett@austrheim.kommune.no

Dato:
01.06.2023

Vedtak - pålegg om retting av feil ved septiktank - gbnr 150/13 - Hjertåsmarka 44

Administrativt vedtak. Saknr: 061/23

Vi syner til melding frå NORVA 24 Vest AS motteke 08.05.2023 (vedlagt).

Vedtak

Det vert gjeve pålegg om retting av feil ved slamavskiljare på gnr. 150 bnr. 13 i medhald av plan- og bygningslova §§ 32-3 og 32-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og forureiningslova §§ 7 og 84 samt forureiningsforskrifta § 12-13.

Saksutgreiing:

Austrheim kommune har fått melding frå Norva 24 Vest AS som er operatør for tømning av septiktankar for NGIR i Austrheim kommune. I meldinga er det opplyst at det er lågt veskenivå i septiktanken. Lågt veskenivå i septiktanken er ein indikasjon på lekkasje. Manglane fører til ulovlege utslepp og ureining av grunnen. Disse manglane må utbetrast av fagleg kompetent personell.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal heimelshavar eller utførande skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10.



Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Stein Kåre Løvslett
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg:

Septiktømming - oppdrag med mangel - gbnr 150/13 - Hjertåsmarka 44
bilete . gbnr 150 - 13
bilete - gbnr 150 -13

Kopi til:

Bjørn Bjørge Torsvik Størkensen

NGIR	Lindåsvegen 1260	5956	HUNDEVIN
Norva24 Vest As Avd Sløvåg	Sløvågen 16	5960	DALSØYRA

Mottakere:

Trond Einar Sørensen

Hjertåmarka 44 5943

AUSTRHEIM